

**Ullensvang
kommune**



BTI - verktøy

HANDLINGSRETTLEIAR VAKSENTENESTA - er det barn i familien?

04.05.2020



Handlingsrettleiar vaksentenesta

Målgruppe:

Tilsette som arbeider i vaksentenesta i kommunen, der dei vaksne har barn som dei har den daglege omsorga for, eller regelmessig samvær med barna. Gjeld og familiar der uroa kjem i svangerskapet.

Tilsette i: rus- og psykiatritenesta, tildelingskoordinator, legekantoret, NAV og andre som møter målgruppa.

Mål:


Barna til desse brukarane skal bli sett og ivaretatt gjennom relevant informasjon og støtte/tiltak der det er behov for det. Det er ikkje meininga at tenesteytarane skal ha hovudansvar for oppfølging av barnet, men ivareta familien i eit samarbeid med andre instansar i kommunen.

Kvar teneste/eining/avdeling har interne rutinar som vil utfylle denne handlingsrettleiaren.

HELSEPERSONELLOVEN

§ 10 a. Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som er pårørende til foreldre eller søsken

§ 10 b. Helsepersonells plikt til å bidra til å ivareta mindreårige barn som er etterlatte etter foreldre eller søsken



Nivå 0 - definer uroa for eit barn. Del uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet.

1. Har brukaren barn?

1. Er det barn i familien?
Kartleggingssamtale

Kartleggingssamtale/vurdering. Her anbefalast bruk av sjekklister, sjå [barn som pårørende BTI](#).

2. Kor uroa er du?

2. Uro?
Del, diskuter,
oppsummer og ta
avgjerd.

Er du som fagperson uroa for barnet sin situasjon? Dersom du blir merksam på at eit barn eller ungdom har nedsatt trivsel eller at det er forhold i heimen (knytt til mor/far eller føresette) må undringa konkretiserast. For å systematisere og konkretisere undringa di er det nyttig å nytte verktøy i BTI-rettleiaren. (ullensvang.betreinnsats.no)

[BTI-rettleiar NIVÅ 0](#)

Det er viktig at du delar uroa di med næraste leiar ved første høve. Dersom saka skal takast vidare avgjer kven som tek kontakt med føresette. Oppsummer og ta avgjerd om det er grunn til uro.

2.1 NEI- journalfør vurderinga di (I føresettes journal?)

2.1 Avslutt og journalfør.

2.2 Usikker- Oppsøk arenaer der du kan drøfte saka.

KONTAKT



Bruk oppdatert informasjon i BTI-rettleiaren

[Kontaktpersonar](#)

2.2 Usikker?
Drøft saka anonymt eller med samtykke i barnehageteam/skulehelsetema(?), Hardanger barnevern eller konsultasjonsteam

Nivå 0 - definer uroa for eit barn. Del uroa med næraste leiar, før du eventuelt deler uroa med føresette/barnet.

3. Ved bekymring.

3. Kor alvorleg er uroa?

Om konklusjon blir at det er uro for barnet/ungdommen - vurder kor alvorleg uroa er.

3.1 Er det ein alvorleg eller akutt situasjon?

3.1 Mistanke om vold og/eller overgrep?
Ta kontakt med
Hardanger barnevern
umiddelbart!
Ikkje involvere
føresette.

Ved mistanke om vold/overgrep skal ikkje føsesette involverast. Meldeplikta til barnevernet inntre. (meir rutinar: konsultasjonsteam, barnevern mm)

3.2 Er det knytt bekymring til andre delar av omsorgssituasjonen for barnet/ungdommen?

3.2 Anna uro?

3.3 Involvere foreldre/føresette - bruk verktøyet “[Førebuing til den nødvendige samtalen.](#)”

3.3 Involvere føresette, diskuter barnet sine behov

Uroa kring barnet skal drøftast med foreldre/føresette,- sjå om de i fellesskap kan finne ein måte å avhjelpe situasjonen. Vurder om andre instansar skal involverast. Meldeplikta til barnevernet må og vurderast. (Sjå eigen rutine.) Ved behov for råd og rettleiing:

ullensvang.betreinnsats.no.

Nivå 1 - jobb saman med føresette og barn for å finna ei løysing. Her vert det i utgangspunktet jobba innan ei enkelt teneste/avdeling.

4. Sett inn innsats i egen teneste/avdeling,-stafettlogg opprettes

4. samarbeid NIVÅ 1.
Evaluere situasjonen
jamleg

Når ein arbeidar vidare med den voksne brukaren og det er endringar i situasjonen i familien - er det det viktig å vurdere jamleg kva for konsekvensar det vil bli for barnet situasjon.

Voksntenesten har ikkje hovudansvar for vidare oppfølging av barnet, men voksntenesten har ansvar for barnet på følgjande område:

1. I. I samråd med foreldre - sørge for at barnet får informasjon om foreldrenes situasjon. Samtale med foreldre om barnets situasjon. Vurdere behov for vidare oppfølging.
2. 2. Sørge for at barnet for oppfølging som det måtte trenge hos f.eks helsesjukepleiar eller skule/barnehage.

Nivå 2 - Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom kommunale tenester, føresette og barn for å løysa utfordringa.

5. Sett igang samarbeid med helsesjukepleiar, skule/barnehage eller andre ut frå barnet sine behov for oppfølging.

5. Innled samarbeid med andre aktuelle instansar - avklar stafettholdar

- Stafettlogg vert oppretta
- Foreldrene skal vera godt informert og samtykkja til bistand frå andre instansar.
 - [Samtykke til å gi informasjon](#)
 - [Samtykke til stafettlogg](#)
- Om foreldrene ikkje gjev samtykke til tverrfagleg samarbeid, må det gjerast ei vurdering om barnet sin situasjon er så alvorleg at plikta til å melde uro til barnevernteneste trer inn. (Sjå eigen rutine) Foreldre skal orienterast om at de har tatt ei slik avgjerd. (Sjå punkt 3.3.)

- Gje stafettpinnen vidare
- På eit slikt tidspunkt er det naturleg å gje stafettpinnen vidare til ein instans som er nærare barnet.. Vaksentenesta følgjer opp foreldra og kan delta i eit samarbeid om det er naturleg eller om det er eit ynskje frå foreldra.
- Stafetthaldar kallar inn til [samarbeidsmøte](#) og har ansvar for at tiltak vert sett i gang og evaluerast med tanke på positiv endring i barnet sin situasjon.
 - Hugs [dokumentasjon/referat](#)

Nivå 3 - jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løyse utfordringa.

6. Bredt tverrfagleg samarbeid - spesiell innsats

6. Innsats på NIVÅ 3.
Barnet har behov for omfattende bistand frå fleire aktørar over tid

Om barnet har

1. omfattande behov for bistand og støtte over lengre periode
2. eller det er knytt alvorleg uro for barnet

er følgende samarbeidsaktørar aktuelle:

1. Hardanger barnevern
2. Koordinerande teneste

dette er med tanke på individuell plan og oppretting av ansvarsgruppe.

0 1 2 3

Jobb i tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, føresette/barn og tilviste tenester for å løysa utfordringa.

- 1 Første møte med aktuell instans**
- 2 Planlegg tiltak
- 3 Sett i verk koordinerte tiltak
- 4 Evalueringsmøte - drøftingsdel
- 5 Evalueringsmøte - avgjerd om vidare koordinert innsats

Nivå 3 Steg 1

Første møte med aktuell instans

Stafetthaldar og føresette/barn presenterer problemstillinga for tilvist teneste. Avgjer kven som skal vera stafetthaldar i det vidare arbeidet.

Stafetthaldar sørgjer for at aktuelle instansar får tilgang til stafettloggen. Stafetthaldar har ansvar for møteleiing og referat. Avklar kven som kallar inn til nytt nettverksmøte.